

Store tilskot til vern av kulturminne

Tre prosjekt i Nordhordland får til saman ein kvart million kroner i tilskot frå Norsk Kulturminnefond.

ARTHUR KLEIVELAND

- Det er stigande interesse i regionen for å ta vare på gamle og verneverdige bygningar, seier Arild Sætre ved Kulturvern-senteret for Nordhordland.

I Austrheim får David Hjertås 182.000 kroner til sikring av ei gamal stove, det er gitt 50.000 kroner frå fondet til nytt tak på ein gamal landhandel og postkontor på Furuskjegget i Meland, og 13.000 kroner til restaureringa av ei vassdriven sag på Einestrاند i Masfjorden.

- Det skjer ein god del på denne sektoren. Løyvingane er


ei fin oppmuntring til å ta vare på gamle og verdifulle bygningar og installasjonar, seier Arild Sætre. Han er sivilarkitekt og tilknytt fylkeskommunen sitt fagleg nettverk innan kulturminnvern, med Nordhordland som sitt område.

Kulturvernesteia er eit gratis tilbod til private og kommunar og gir råd, vurderingar og rettleiing i samband med vern og bevaring av freda og vernverdige bygningar og faste kulturminne.

Gamlastova

Gamlastova på Hjertås i Austrheim er ei lemnstove truleg reist kring 1850. Eigaren trur og tømmerer i stova har vore nytta i eldre bygningar på garden.

Det har budd folk i huset heilt til 1980-talet. Eigaren vil bruka huset som gjestehus, men vil-og gjera stova tilgjengelig for publikum og skuleklassar etter avtale.



FÅ MODERNE INNGREP: Landhandelen og postkontoret på Furuskjegget i Meland er eitt av tre prosjekt i Nordhordland som har fått tilskot frå Norsk Kulturminnefond.

Landhandel og vassdriven sag

Våningshuset på Furuskjegget, bygd 1900, er del av eit kulturmiljø med garveri, røykjeri, dampskipstopp, landhandel og postkontor. Landhandelen og postkontoret ligg i nordlege delen av våningshuset.

Landhandelen var i drift til fram på 1960-talet og postkontoret vart lagt ned i 1970.

- Den isolerte plasseringa og få moderne inngrep gjer at ein her har eit kulturminne og kulturmiljø som bør sikrast, seier Arild Sætre.

Kulturvernesteia i Nord-

hordland vurderer den vassdrivne soga på Einestrاند som eit levande kulturminne med høg formidlings- og kunnskapsvardi. Saga kan framleis brukast, og ligg på ein stad der det har vore sag i fleire hundre år.